

Haraldsplass Diakonale Sykehus

Kjerstin Fyllingen, adm.dir
Petter Thornam, fagdirektør

Knarvik, 26. september 2018

Innspel til punkt i Helse Bergen HF sitt høyringsfråsegn til Utviklingsplan 2018 - 2035 for Haraldsplass Diakonale Sykehus

Regionrådet i Nordhordland, samansett av ordførarane i dei ni samarbeidskommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy er kjent med Haraldsplass Diakonale Sykehus sitt utkast til Utviklingsplan 2018 - 2035, sendt på høyring til samarbeidspartane medio 2018 og med Helse Bergen HF sitt høyringsfråsegn til planutkastet handsama i styret til Helse Bergen 30.08.2018 (styresak 83/18 0). Regionrådet i Nordhordland vil med dette koma med nokre innspel til punkt i Helse Bergen HF sitt høyringsfråsegn til planutkastet.

Kommunane i Region Nordhordland er på same måte som Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) og Helse Bergen HF opptatt av å sikra innbyggjarane tilgang til gode helsetenester - no og i framtida, og meiner at den beste strategien er å møta utfordringane i lag - som eit samla helsevesen.

Regionrådet i Nordhordland har i møte 14.september drøfta Helse Bergen HF sine innspel til planutkastet og HDS si satsing på vidareutvikling av akutttilbodet ved sjukehuset og vil på denne måten koma med eit tilsvar til Helse Bergen sine innspel der det m.a. er signalisert at det i framtida ikkje er behov for/grunnlag for å ha akuttmottak ved begge sjukehusa.

Regionrådet vil støtta opp om HDS si satsing på å vidareutvikla det akutte indremedisinske tilbodet, at dei held fram med akutt- og elektiv kirurgi innanfor utvalte område, lindrande behandling og ei tydeleg satsing på den eldre pasienten. Det er også positivt at lokalsjukehuset legg vekt på forskning, utvikling og innovasjon.

Regionrådet støttar HDS i at det no og i framtida vil vere behov for og ønske om at lokalsjukehuset har eige akuttmottak og at den akuttmedisinske verksemda vert vidareutvikla slik det er skissert i planen. Med bakgrunn i demografisk utvikling for kommunane i HDS lokalsjukehusområde, med m.a. fleire eldre og pasientar med meir samansett sjukdomsbilete og aukande hjelpebehov er det også i framtida viktig å styrka og vidareutvikla eit heilskapleg behandlingstilbod ved lokalsjukehuset.

Fagrådet for kommuneoverlegar i Nordhordland har i møte 18.september drøfta og vurdert Helse Bergen sine innspel til planen og har i referatsform uttrykt full tillit til HDS som lokalsjukehus, og tilboda som er utvikla og som er under vidare utvikling m.a. innan akuttbehandling. Regionrådet støttar fagrådet sine innspel.

Regionrådet i Nordhordland vil støtta opp om planarbeidet og ønskjer å bidra til at kommunar og helseføretak har eit godt samarbeid for å sikra innbyggjarane sin tryggleik og at dei får rask og kompetent hjelp når dei treng det.

Med venleg helsing



Karstein Totland
Leiar Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar Nordhordland Utviklingselskap IKS

Sakshandsamar: Anne Hildegunn Færøy

Kopi til:
Helse Bergen HF v/postmottak